



Arkivsak 201200298-165  
Arkivnr. 123  
Saksh. Breistein, Roald

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Kontrollutvalet	28.08.2013

## **GODKJENNING AV 20 PROSJEKTRKESKAPAR I HOVUDSAK INNAN SKULESEKTOREN**

---

### **SAMANDRAG**

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapane følgjer same prosedyre. Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak.

Sekretariatet har motteke uttale til 20 prosjektrekneskap frå Deloitte som skal handsamast i fylkesutvalet. Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskap, revisjonsuttale og eit oversyn over dei enkelte prosjekta ligg ved.

I brev dagsett 30.04.2013 og 09.08.2013 til fylkesutvalet, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvissande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

#### Bakgrunn:

Dei 20 prosjekta er relatert i hovudsak til skulebygg, med fokus på ombygging, brannsikring, enøktiltak og kjøp av diverse utstyr. Det er omtrent like mange av prosjekta som går med underskot som med overskot, nokre få av dei med relativt store avvik. I notat frå eigedomsseksjonen vert det likevel vist til naturlege og gode forklaringar på kvifor det har oppstått slike avvik.

I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at ev. overskridingar vert dekkja inn i denne ramma.

#### Drøfting:

Også denne gongen er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert avslutta og revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

UTTALE:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Vedlegg:      Oversyn over 20 prosjektrekneskapar  
                  Revisjonsuttaler med tilhøyrande prosjektrekneskapar

## Oversyn over 20 prosjektrekneskapar

Rekneskapsført: Februar - juni 2013

Revidert: 30.4.13 og 09.08.13

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Budjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
1070	Austevoll tannklinikk	Utbetring og utbygging	kr 2 350 000	kr 2 331 013	kr 18 987	0,8 %
2115	Garnes vgs	Omb. Tunesvn	kr 930 000	kr 932 473	-kr 2 473	-0,3 %
2119	Os vgs.	Ombygging	kr 1 300 000	kr 1 116 757	kr 183 243	14,1 %
2123	Os vgs.	Ombygging	kr 700 000	kr 933 188	-kr 233 188	-33,3 %
3176	Sotra vgs.	Brannsikring Bildøy	kr 500 000	kr 596 711	-kr 96 711	-19,3 %
3195	Fyllingsdalen vgs	Brannsikringstiltak	kr 600 000	kr 583 647	kr 16 353	2,7 %
3207	Stord vgs	Internkontroll elektro	kr 450 000	kr 438 162	kr 11 838	2,6 %
3208	Norheimsund vgs	Brannsikringstiltak	kr 625 000	kr 621 340	kr 3 660	0,6 %
3214	Bergen katedralskole	Internkontroll elektro	kr 390 000	kr 398 653	-kr 8 653	-2,2 %
3215	Stend vgs	Internkontroll elektro	kr 110 000	kr 115 256	-kr 5 256	-4,8 %
4083	Rubbetadneset vgs	Enøktiltak	kr 1 500 000	kr 1 503 153	-kr 3 153	-0,2 %
4087	Laksevåg vgs	Enøktiltak	kr 800 000	kr 800 000	kr 0	0,0 %
4548	Stend vgs	Internkontroll elektro	kr 1 900 000	kr 1 892 487	kr 7 513	0,4 %
6907	Stend jordbruksskulegard	Mjølkerobot	kr 1 550 000	kr 1 575 408	-kr 25 408	-1,6 %
6909	Stend vgs	Ombygging av driftsbygning	kr 300 000	kr 301 702	-kr 1 702	-0,6 %
6911	Voss jordbruksskule	Rundballepresse	kr 490 000	kr 490 000	kr 0	0,0 %
6912	Valen og Handeland gard	Rundballepresse	kr 300 000	kr 300 000	kr 0	0,0 %
6913	Stend vgs	Kjøp av traktor	kr 475 000	kr 491 200	-kr 16 200	-3,4 %
6915	Voss jordbruksskule	Kjøp av mjølkerobot	kr 1 025 000	kr 1 239 491	-kr 214 491	-20,9 %
6916	Valen og Handeland gard	Grøfting/kjøp av utstyr	kr 200 000	kr 201 617	-kr 1 617	-0,8 %
<b>TOTALT</b>			kr 16 495 000	kr 16 862 259	-kr 367 259	-2,2 %